

# Kommunikasjonsvanskar hos barn med psykiske problem

Wenche Andersen Helland forsvarte 27. september 2010 sin avhandling *Communication difficulties in children identified with psychiatric problems* for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen.

Kontakt: whelland@haugnett.no

**Ein bør oftare gjera systematisk kartlegging av språk og kommunikasjon hos barn som vert tilviste BUP.** Hovudfunna frå Helland si forskning viser at kommunikasjonsvanskar førekjem oftare hos barn med psykiatriske problem enn hos typisk utvikla barn. Majoriteten av ei gruppe barn med ADHD hadde vanskar med den sosiale bruken av språket. Kartleggingsinstrumentet Children's Communication Checklist Second Edition (CCC-2) synest å vera eit påliteleg instrument til å identifisera kommunikasjonsvanskar hos norske barn med.